

# ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2018



***Årsmøtet blir halde onsdag 24. april 2019 kl. 19.30 på Skjåk Turistheim***

\*\*\*\*\*

**Sakliste:**

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar og sekretær
3. Val av 2 av dei frammøtte bruksberettiga til å skrive under protokollen
4. Årsmelding og rekneskap for 2018
5. Styret sine planar for det komande året
6. Fastsetjing av godtgjersle i 2019 for styremøte og andre møte, og fast godtgjersle til styreleiaren
7. Oppnemning av revisor og fastsetjing av godtgjersle for revisjonsarbeid
8. Val av medlemmar til revisjon- og kontrollutval
9. Handsaming av evt. innkomne saker (må leverast skriftleg på almenningkontoret seinast 1 veke før årsmøtet)

**Styret for Skjåk Almenning**

\*\*\*\*\*

*Skjåk Almenning - til det beste for jordbruket  
og til glede for alle*

## ÅRSMELDING 2018

### 1. STYRET

#### Almenningsstyret

Kjell Egil Ramstad (styreleiar)	2016-2020	Arnstein Fjerdingren	2018-2022
Mona H. Grimstad (nestleiar)	2016-2020	Vidar Vange	2018-2022
Kjell Aaboen	2016-2020	Ragnhild Løkken	2018-2022
Tordis Brandsar	2016-2020		

#### Vara

Bjørnar K. Stenersen	2016-2020		
Pål Eiesar	2016-2020	Rune Plassen	2018-2022
Else Mona Bjørnstad	2016-2020	Liv Mona Johnsgard	2018-2022
Tone Heldal	2016-2020	Roger Haugen	2018-2022



(Almenningsstyret etter valet 2018. Foto: Jo T. Lyngved)

Styremedlemmar og varamedlemmar er valde for 4 år om gongen. Funksjonstida for styreleiar og nestleiar er 2 år.

#### Møter og synfaring

Det er halde 9 ordinære styremøte i 2018, der det til saman vart handsama 48 saker. Ulike spørsmål har vore gjennomgått i styremøte i løpet av året og styret/deler av styret har delteke på arbeidsmøter og synfaringar i samband med bruksrettsspørsmål.

#### Representasjon

Skjåk Trelast AS	Kjell Egil Ramstad (styreleiar)
Bygger'n Skjåk AS	Kjell Egil Ramstad (styreleiar)
Breheimen Nasjonalparkstyre	Birgit Bilstad
Reinheimen - Breheimen Villreinutval	Jo Trygve Lyngved (styreleiar) og Kjell Egil Ramstad
Bruksrettsutval	Kjell Egil Ramstad, Vidar Vange og Tordis Brandsar (frå mai 2018)
Rådgevande utval Reinheimen Nasjonalpark	Jo Trygve Lyngved
Rådgevane utval Breheimen Nasjonalpark	Jo Trygve Lyngved
Skjåk Turløyper SA	Birgit Bilstad
AS Vågåfisk	Birgit Bilstad
Vedlikehaldsforeininga for Tundradalsvegen	Kjell Olstad (styreleiar)
Skjåk Biovarme AS	Jo Trygve Lyngved (styreleiar) og Kjell Egil Ramstad
Ottadalen Massivtre AS	Jo Trygve Lyngved (styreleiar)

Skjåk Almenning har sekretærfunksjonen for Norsk Almenningsforbund.

#### Revisjon

Ernst & Young AS. Revisjons- og kontrollutval: Egil Mork, Lars Skrinde og Lars Petter Forberg. Dei vart valde for 2 år i 2017.

## Tilsette

Almenningsstyrar  
Utmarksrettleiar  
Skogbruksleiar/naturopsyn  
Kontormedarbeidar  
Rekneskapsførar  
Rekneskapsførar  
Sekretær Norsk Almenningsforbund  
Skogsarbeidar  
Reinhaldar  
Reinhaldar

Jo Trygve Lyngved  
Birgit Bilstad  
Kjell Olstad  
Kari Elin Sperstad  
Hans Skamsar til 1. mai 2018  
Astrid Bjørnstad frå 1. mai 2018  
Sæbjørn Forberg  
Sylfest Forberg  
Ingrid Nyhus til 1. mars. 2018  
Mækele Amlesom frå 1. mars 2018

## Årsmøtet med val 2018

Årsmøtet vart halde på Skjåk Turistheim 21. april 2018. Det møtte 35 bruksberettiga inkl. styret. Hans Skamsar og Jo Trygve Lyngved deltok frå administrasjonen.

## 2. BRUKSRETT

Almenningsstyret har også i 2018 arbeidd med spørsmål knytt til bruksrettssetrer. I styremøtet i januar gjekk styret gjennom status og bruk på ei rekkje setrer. På førehand hadde setereigarane fått moglegheit til å koma med attendemelding til styret. I vedtaket fekk dei berørte bruksberettiga 1) frist til å fjerne gjerde der seterparsellen hadde falle i det fri 2) frist til å gjerde inn att seterkrve eller 3) moglegheit til å inngå festekontrakt der seter med seterhus hadde falle i det fri. Det har vore synfaring og kontroll av 3 bruksberettiga som har motteke bruksrettsytingar frå almenninga, ingen merknader vart gjeve.

I løpet av året har almenningstyret gjort vedtak om at bruksretten fell burt på ein gard i samband med frådeling av tun og sal av jord og skog. Elles er det gjeve løyve til sperregjerde og oppsetjing av sankekve. Det melde seg 8 interesserte bruksberettiga til seter på Billingen og på Kollungen da desse vart lyst ledige.

Kollungssetra vart ikkje tildelt da det ikkje melde seg interessert til denne.

Det er motteke fleire søknader på tilskot til utmarksgjerde, ei ordninga som vart oppretta i 2017. Retningslinene har også vore reviderte i 2018. Det er ikkje gjort noko utbetaling av slikt tilskot i 2018.

I 2018 vart det sleppt 4.783 (4.163) sau og lam, 892 storfe (668) storfe og 485 geit på utmarksbeite i Skjåk Almenning.

Tapet utgjorde 277 for sau, 2 for storfe og 0 for geit.

Samla ytingar til bruks- og eigedomsberettiga var i 2018 på kr. 2.231.039, ein solid oppgang frå 2017. I tillegg kjem verdien av utmarksbeite som er stipulert til godt over kr. 3.000.000 (tal frå landbrukskontoret).



(Sommarferie på Glitterbua. Foto Jo T. Lyngved)


### 3. SKOGEN

Skjåk Almenning er medlem av Mjøsen Skogs FSC® gruppe-ordning (FSC-C103851) og skogforvaltninga på eiegenomen skjer i tråd med FSC Prinsipper og Kriterier. Mjøsen Skogs FSC gruppeordning er sertifisert gjennom Soil Association Certification Ltd. I tillegg er Skjåk Almenning medlem av Mjøsen Skogs PEFC gruppe-ordning, og følger Norsk PEFC Skogstandard.

Skjåk Almenning har eigen skogbruksplan og forvaltningsplan. Planane inkluderer kartlegging og omtale av miljø- og kulturminne og fleirbruksomsyn, og blir revidert regelmessig. Siste skogtakst frå 2015 viser eit produktivt skogsareal på 82.051 daa, der 1.718 daa utgjer nøkkelbiotopar. I tillegg er om lag 54.000 daa skogsareal verna gjennom naturvernlova og naturmangfaldlova. Årleg tilvekst på det produktive arealet i hogstklasse 3,4 og 5 er 15.098 m<sup>3</sup>, medan årleg hogstkvantum ligg på om lag 11.000 m<sup>3</sup>. Hogstkvantumet er fordelt mellom kabelkranterreng og hogstmaskinterreng. Furu blir forynga ved planting eller naturleg forynging. Suppleringsplanting skjer der det er nødvendig og tilstanden til skogen blir vurdert som stabil og tilfredsstillande.

#### Hogst

Innmålt kvantum i 2018 var 6.247 m<sup>3</sup>, der furu utgjer 100%. Av dette volumet var 68 % sagtømmer, medan resten var slip og anna virkje. Av totalvolumet er 342 m<sup>3</sup> kabelkranhogst, resten sluttavvirkning. Snittprisen på skurtømmer og slip var høvesvis 451 kr/m<sup>3</sup> og 276 kr/m<sup>3</sup>. Sagtømmeret går til Skjåk Trelast AS (69 %) Moelven (14 %) og Stora Enso (17 %), medan slipkvantumet blir levert til Skjåk Trelast AS og dei bruksberettiga (32 %) og Stora Enso i Sverige (68 %).



(Innmålt hogstkvantum 2008-2018, fordelt på slip og skurtømmer. Det høge volumet i 2012 er etter stormen Dagmar.)

#### Skogkultur

Planting er utført på 278 daa (228 daa nyplanting og 50 daa supplering), der det er planta 58.460 planter av A6 (35.260) og A7 (23.200) Skjåkproveniensi. Kostnaden er 5,4 kr/plante. Det er utført ungsogpleie på 1.546 daa, med ein kostnad på 436 kr/daa. Kostnader er før eventuelle tilskot. Det er i 2018 ikkje utført gjødsling, markberedning eller bruk av kjemiske- eller biologiske midlar.

#### Veganlegg

Bjøynnaskriuvegen 1 (traktorveg klasse 7) er ferdigbygd og godkjent. Opprustingsprosjektet i baksida i Bråtå (3.450 m og klasse 3) er oppstarta med grovplanering, utretting av svingar og skifte av stikkrenner. Slirstrandvegen (1.450 m og klasse 3) er grovplanert, det er lagt ned stikkrenner og delvis grusa. Dei to sistnemte veganlegga vil bli ferdigstilte i 2019.

## Naturskade

Storflaumen hausten 2018 førte til store skader overalt i Skjåk. Spesielt gjorde vatnet skade på vegen i Botn og Åslia. Den enorme vassføringa førte til store endringar langs Ostravassdraget og det er stipulert at om lag 50 daa med skogsgrunn vart borte som følge av flaumen. Elles av skadar var det noko tørkestress som følgje av varme og svært lite nedbør gjennom sommaren.

## 4. UTMARK

### Storvilt


2018 var fyrste året av ny bestandsplan for elg, hjort og rådyr. Målsetjinga i bestandsplanen er å redusere elg- og hjortestamma og legg opp til ei avskyting på inntil 80 elg og 55 hjort kvart år (inkludert skrapdyrkvote).

	Elg	Hjort	Villrein	Rådyr
Kvote	<b>70</b> (66)	<b>50</b> (50)	<b>452</b> (417)	<b>48</b> (50)
Felt	<b>65</b> (69)	<b>34</b> (39)	<b>380</b> (305)	<b>13</b> (22)
Fellingsprosent	<b>93</b> (100)	<b>68</b> (78)	<b>84</b> (73)	<b>27</b> (44)
Kg. kjøt	<b>8.460</b> (8.779)	<b>2.319</b> (2.440)	<b>Ca. 14.800</b> (12.250) stipulert	<b>195</b> (300) stipulert

(Nøkkeltal frå storviltjakta i Skjåk Almenning 2018. Tal frå 2017 i parentes.)

Villreinjakta 2018 gjekk føre seg med mykje fin jakt, høg fellingsprosent og tilfredse jegerar. For heile villreinområdet var fellingsprosenten 74 %. For Skjåk Almenning sin del endte fellingsprosenten på 84 % med slik fordeling: nordområdet 86 %, søraustområdet 77 % og sørvestområdet 96 %. I løpet av jakthausten 2018 vart det i heile villreinområdet teke prøver av CWD for felte vaksne dyr (515 prøver i vårt villreinområde). Heldigvis var alle prøvene negative. Ved jaktstart var det uvanleg mykje halte dyr i Reinheimen. Det viste seg at dette var eit «utbrot» av fotråte, noko som sannsynlegvis skuldast varm og tørr sommar. Konsentrert trakking av rein på snøfonn og/eller myr for avkjøling er nok ei av forklaringane på dette. Dei halte dyra vart for det meste felt i løpet av jakta, anten av jegerar eller oppsyn.






Totaltvote, felte dyr og fellingsprosent for villrein i Skjåk Almenning 1998-2018. Tala i overkant av søyla er kvote det enkelte år.

### Fiske

Allereie i slutten av juni var så godt som alle fjellvatna i Skjåk isfrie. Også dei mest høgareliggande vatna ein har i nordvest var isfrie over ein måned tidlegare enn «normalt». Både det eineståande fjellværet i sommar og ein ekstra lang fiskesesong i fjellet var medverkande til ein oppsving i fiskekortsålet. Til saman vart det sett ut 3.900 aure i 2018, der 2.000 toårig settefisk vart køyrd ut på vinteren, og 1.900 2- og 3-somrige settefisk vart bore ut av friviljuge til 21 ulike vatn i slutten av juli.




Utvikling i sal av fiskekort frå 2007 til 2018.

I 2016 drog Skjåk Almenning i gang eit 3-årig rekrutteringsprosjekt på jakt og fiske i samarbeid med Oppland JFF, med støtte frå Skjåk kommune, Regionrådet for Nord Gudbrandsdalen og Breheimen Nasjonalparkstyre. Dette vart vidareført også i 2018, men dessverre var det få som melde seg til desse arrangementa.

### Samarbeid med Inatur

Vi har hatt eit godt samarbeid med marknadsføringskanalen Inatur sidan 2011. Dei er ledande i Norge på sal av fiskekort, jaktkort og har bookingfunksjon på fjell- og skogshytter.

I 2018 hadde Skjåk almenning ein større gjennomgang av tilboda våre saman med Inatur, dette for å sjå om vi kunne gjere noko meir i høve sal og marknadsføring. Etter ein gjennomgang på fiske, hytte og småvilt vart det bestemt at ein skulle satse på film og fotoproduksjon av fiske, utleiehytter og natur for å framheve Skjåk og alle kvalitetane området har. Sommaren 2018 vart det difor brukt tid og ressursar på produksjon av marknadsføringsmateriell. Det vart også gjort endringar i tilboda på småviltjakt som vi allereie ser resultat av.



Utvikling i sal av kategoriar fiskekort til utanbygds 2010-2018.

### Småvilt

For jaktåret 2017/18 (jakt på rev varar til 15/4), vart det betalt ut skotpremie for 60 raudrevar (37 i 2016/17). Skotpremien er eit samarbeid mellom Skjåk Almending, Skjåk Utmarksråd og Skjåk Beite- og Sankelag og frå og med 2018 vart denne auka til kr 600,- per rev for å stimulere til høgare uttak.

Inntrykket var at det var ein bra bestand med ryper på våren før egglegging og klekking, og ein var forsiktig optimist før den komande hausten. Dessverre vart det både uvær og kuldeperiode i klekkeperioda, som mest sannsynleg må ta noko av skulda for at det gjekk dårleg med klekking og kjuklingoverleving. Lirypetakseringane vart som før utført av lokale fuglehundekvipasjar i august, og på nordaustområdet vart det rekordteljingar med store kull og store kjuklingar. Sør og lenger vest viste resultatet langt færre kull og ryper totalt. Den store variasjonen gjorde at ein også i 2018 vidareførte strenge restriksjonar, med dagskvote på inntil 2 ryper per jeger per dag, og inntil 8 ryper per jeger per sesong/kort. Nytt for 2018 var at ein innførte tidlegare jaktstart med fuglehund, frå og med 15/9. Dårleg vær frå jaktstart og ut september gjorde sitt til eit avgrensa uttaket.

For jaktåret 2018/2019 vart det seld 82 kort til innanbygdsbuande, fordelt på 43 sesongkort, 14 småroviltkort, 11 halvsesongkort haust og 14 halvsesongkort vinter. Innanbygds som kjøpte jaktkort



heldt seg stabilt frå året før. Harebestanden har dei siste par åra vore på tur opp etter harepest i 2011-2012 – og det vart skote 14 harar jaktåret 2018/2019 i Skjåk Almanning.

Jakt-år	Antal jegerar	Jegerar som har rapportert	Rapporterte jakt dagar	Felte lirype	Felte fjellrype	Felt rype per jegerdagsverk
2014/15	337	68 %	799	270	373	0,8
2015/16	337	76 %	728	174	123	0,4
2016/17	344	81 %	635	211	172	0,6
2017/18	372	62 %	632	204	173	0,6
2018/19	212	74 %	399	182	139	0,8

Nøkkelal rypejakta dei 5 siste jaktseongane


### Hytter/feste

Utleiehyttene er framleis mykje brukt, og auka frå 2017 til 2018 er på om lag 5 %. Legerhytta er framleis den med flest utleiedøgn (95), medan Raudalsbua er den med færrest (16). Aursjohytta, som vart oppgradert våren 2018, ser ut til å vera eit populært tilbod (64 utleiedøgn i 2018). Fleire av hyttene til Skjåk Almanning står ope og til fri disposisjon i reinsjakta. Det er ikkje statistikk på denne bruken, men ein kan sannsynlegvis rekne 50-70 utleiedøgn.



(Liabu ein varm sommarkveld 2018)

På Billingen er ingen tomter eller visningshytta seld ved årsskiftet. Totalt er 12 tomter er seld. I hyttefeltet på Liavatnet er all infrastruktur ferdig. Det er att 9 ledige tomter av opphavleg 21.



Utvikling utleiedøgn hytter/buer 2008-2018.


## 5. ØKONOMI

### Rekneskap

Det samla driftsresultatet i 2018 kjem på kr. 3.238.883. Årsresultat, etter finanspostar og skatt, er på kr. 3.889.117. Av årsresultatet går kr. 1.472.914 til fri eigenkapital. Driftsresultatet er om lag 900.000 kr betre enn budsjett. Det er i stor grad utmarksavdelinga som utgjer denne forskjellen. Auka tømmerprisar i 2018 gjer at tømmeravdelinga balanserer, til tross for ein del lågare tømmerinnngang i 2018. Eigenkapitalen til Skjåk Almenning er solid, der bokført eigenkapital er kr. 69.703.834. Dette utgjer ein eigenkapitalandel på 94 %.

Figuren på neste side viser bidraget gjennom kontantutbyte, bruksrettsrabatt og kvantumsrabatt til dei eigedoms- og bruksbrettiga i Skjåk Almenning dei siste 10 åra. Totalt utgjorde dette kr. 2.231.039 i 2018, ei solid auke frå 2017. Dette er nesten kr. 500.000 meir enn budsjett og den høgaste utbetalinga nokon gong.

Almenningsstyret meiner framlagt årsrekneskap for 2018, saman med styret si årsmelding, gjev eit rettvisst bilete av driftsresultatet og den finansielle stillinga til Skjåk Almenning ved utgangen av året. Grunnlaget for vidare drift er tilstades, og årsrekneskapen for 2018 er sett opp under denne føresetnaden.



Bruksrettsytningar og antal bruk med røyserett i Skjåk Almenning 2008-2018.

### Industrielt eigarskap

#### Skjåk Trelast AS med Bygger'n Skjåk AS:

Årsresultatet i 2018 til Skjåk Trelast AS ende med eit lite overskot på kr. 44.329. Driftsresultatet var negativt, men utbytte frå Bygger'n Skjåk AS gjorde at resultatet vart positivt. Omsetninga frå 2017 til 2018 har ei god auke, der årets omsetning var om lag 1,4 mill. høgare enn året før. Almenningsstyret evaluerer si eigarmelding til Skjåk Trelast AS ein gong pr. år og har elles kontinuerleg fokus på sagbruksdrifta.

Skjåk Trelast AS har lån frå Skjåk Almenning på totalt kr. 3.650.000. I tillegg kjem aksjekapital på kr. 7.106.000. For Bygger'n Skjåk AS var 2018 nok eit godt år. Omsetninga ende på kr. 23.337.900, medan det rekneskapsmessige overskotet kom på kr. 1.122.896.

## **Skjåk Biovarme AS**

Skjåk Almenning har gått i samarbeid med Lom Biovarme AS og stifta aksjeselskapet Skjåk Biovarme AS. Almenninga eig 60 % av aksjane, og aksjekapitalen er på kr. 2.000.000. Selskapet skal levere biovarme til offentlege og private bygg i Bismo. Samla leveranse ligg førebels på om lag 2,1 gWh, der stipulert forbruk av laus furuflis er på 3.600 m<sup>3</sup>. Skjåk Trelast AS vil stå for leveranse av flis og noko drift av anlegget. Anlegget er under oppføring og ved årskiftet i 2018 er fyrhuset under tak. Planlagt oppstart for varmeleveranse vil skje frå hausten 2019. Det vart eit lite underskot i 2018 på kr. 15.897.

## **Ottadalen Massivtre AS**

Skjåk Almenning har i samarbeid med SEBB AS, Langmorkje Almenning og Brun Bygg AS stifta aksjeselskapet Ottadalen Massivtre AS. Selskapskapitalen er på kr. 100.000, der eigarbedriftene eig lik mykje (25 %). Selskapet er løyvd kr. 1.600.000 frå Oppland fylkeskommune over 2 år der ein skal sjå på ulike problemstillingar knytt til massivtre. Ambisjonen er å kunne produsere massivtreelement sjølve, samt å byggje opp eit kompetansemiljø for bransjen når det gjeld rådgjeving og prosjektering. Det kan og vera aktuelt å vidareformidle massivtreelement frå andre produsentar. For 2018 vart det eit lite overskot på kr. 28.960.

Skjåk Almenning ynskjer å vera med på utvikling i Skjåk. Industriengasjementa til almenninga er krevjande. Engasjement og deltaking i lokal næringsutvikling medfører nødvendigvis ein viss risiko for Skjåk Almenning.

## **Diverse**

I 2018 vart avkastning av fond brukt slik (sjå eigen tabell i notane):

### *Erstatningsfond Øvre Otta*

- Kr. 100 000,- til ungsogpleie.

### *Skjåk Almennings Utviklingsfond*

- Kr. 100 000,- i tilskot til Skjåk Turløyper for sesongen 2018/2019

Almenningsstyret har vedteke å kjøpe fleire delar i Mjøsen Skog SA, utover dei obligatoriske almenninga har frå før. I 2018 vart det kjøpt 67 tilleggsdelar, og pr. 31.12. har Skjåk Almenning delar for kr. 647.500 i Mjøsen Skog SA.

Skjåk Almenning har i 2018 leigd ut arbeidskraft til SNO (168 t), Skjåk Trelast AS (279 t), Byggern'n Skjåk AS (241 t) og Norsk Almenningsforbund (439 t).

I midten av oktober 2018 vart Skjåk råka av flaum. Etter store snøfall i fjellet, med påfølgjande mildvær, regn og smelting, stod Skjåkbygda under vatn. For mange vart dette dramatisk, der både hus og heim vart råka. For Skjåk Almenning sin del fekk vi ein del naturskadar i utmarka, samt at det rann inn vatn i kjellaren på administrasjonsbygget og inn på høvleriet. Skadane blir erstatta, men spørsmålet om seinverknader er sjølvstukt ukjende.

## **6. ANDRE OPPLYSNINGAR**

### **Arbeidsmiljø**

I medhald av gjeldande lover og forskrifter fører verksemda oversyn over totalt sjukefråvær. I 2018 var sjukefråveret på 0,94 % av mogleg arbeidstid, mot 0,42 % året før. Skjåk Almenning er medlem i Frisk HMS Gudbrandsdal.

Pr. 31.12.2018 er tre av åtte tilsette kvinnelege. I almenningsstyret er 3 av 7 medlemmar kvinner. Personalpolitikken vert rekna som kjønnsnøytral på alle område.

## **Ytre miljø**

Skjåk Almenning er medlem av Mjøsen Skogs FSC® gruppe-ordning (FSC-C103851) og Mjøsen Skogs PEFC gruppe-ordning, og følgjer Norsk PEFC Skogstandard. Nøkkelpiotopane blir overvåka av almenninga sjølv, samt at det blir gjennomført stikkprøvebaserte kontroller i regi av sertifikathaldar. Det ikkje avdekka skader eller andre utilsikta forstyrringar i verneområde eller nøkkelpiotopar i 2018. Almenninga har heller ikkje kjennskap til uhell eller avvik knytt til andre kjente miljøverdiar siste år.

Verksemda i almenninga fører ikkje med seg forureining av det ytre miljøet meir enn det som fylgjer av den vanlege skogsdrifta, med utslepp til luft frå skogsmaskiner og motorsager. Det vert nytta miljøbensin til motorsagene.

## **7. UTSIKTENE FRAMOVER**

Skjåk Almenning er ein stor og samansett eigedom der fleire grupper har ulike interesser. Dette gjer drifta krevjande og set store krav til styret og dei tilsette.

Skogsdrifta i Skjåk Almenning er tufta på ressursgrunnlaget og kva som er lagt til grunn i skogbruksplanen. For å bruke denne ressursen på ein tilfredsstillande måte må det til betydeleg innsats på skogkultur og vegbygging. Som nemnt i føregåande årsmeldingar har no utbygginga av treforedlingsindustri i Sverige gjort sitt til at slippriisen har auka mykje det siste året. Det kan tyde på at slippriisen vil halde seg høg over ei tid, meir usikkert er prisen på sagtømmer. Det er gode tider i norsk næringsliv og norsk skogindustri, men vi i Skjåk må vera realistisk i høve geografisk plassering og tømmeravsetning. Dei store tømmeravtakarane styrer prisen, og når desse ligg langt unna vil ein sjølv sagt vera sårbar overfor etterspurnad og fraktkostnad. Mjøsen Skog SA og Glommen Skog SA har i 2018 sett i gang eit fusjonsarbeid. Målet er å gjere ein felles organisasjon sterkare og til slutt få ut betre pris til skogeigar. Dette er eit godt initiativ for å styrke skogbruksnæringa – det store spørsmålet er om fusjonsgevinsten vil kunne gjeva positiv utslag på tømmerprisen over tid. Eit anna relevant spørsmål er sjølv sagt om skogeigarane distrikta vil bli enda meir perifert enn dei allereie er i dag.

Massivtre har dei seinare åra vorte meir og meir brukt i bygg, både offentlege og private. I samarbeid med 3 andre aktørar i regionen har Skjåk Almenning etablert Ottadalen Massivtre AS i 2018. Ambisjonen på lang sikt er å nytte lokalt virkje i ein massivtreproduksjon, samt skape arbeidsplassar lokalt. Det blir spanande å følgje med dette selskapet vidare.

Som eit ledd i å styrke drifta ved Skjåk Trelast AS har Skjåk Almenning teke initiativ til å realisere eit flisfyringsanlegg i Bismo. Selskapet Skjåk Biovarme AS er oppretta, og fyring av flis til varmvatn skal skje frå hausten 2019. Dette vil vera eit svært positivt bidrag for Skjåk Trelast AS, samstundes som eit slikt anlegg vil skape lokal aktivitet og verdiskaping. Dette har samstundes ein betydeleg klimagevinst.

Hausten 2018 vart prøver av all felt villrein (vaksen) samla inn i Reinheimen-Breheimen Villreinområde. Heldigvis var alle prøvene negative, men prøvetaking skal skje også i 2019 og 2020.

Flaumen i oktober 2018 førte til store materielle skadar i Skjåk. Sjølv om mesteparten blir erstatta, er seinverknaden usikker for mange. Skjåk kommune får ikkje dekt deler av skadane sine, samt at det er usikkert kor mykje av flaumarbeidet som må dekkjast lokalt. Flaumførebygging av Bismo er eit uavklart spørsmål, eit arbeide som må koma i gang snarast. Dersom dette ikkje blir gjort vil ein leva i uvisse, og industriområdet er eit «null-område» når det gjeld utvikling og vekst.



(Bua i Liavassosen fekk hard medfart i flaumen 14. oktober– men den vart ståande. Foto: Stig Erland Banken)

Bismo, 31. desember 2018

27. mars 2019

### I styret for Skjåk Almenning

Kjell Egil Ramstad  
(Styreleiar)

*Kjell Egil Ramstad*

Kjell Aaboen

*Kjell Aaboen*

Tordis Brandsar

*Tordis Brandsar*

Mona Haugen Grimstad  
(Nestleiar)

*Mona Haugen Grimstad*

Rune Plassen

*Rune Plassen*

Arnstein Fjerdingsren

*Arnstein Fjerdingsren*

Vidar Vange

*Vidar Vange*

*Jo Trygve Lyngved*

Jo Trygve Lyngved  
(Almenningsstyrar)

## SKJÅK ALMENNING

## RESULTATREGNSKAP 2018

	Note	2018 (hele kr)	2017 (hele 1.000)
<b>DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER</b>			
<b>DRIFTSINNEKTER</b>			
Salgsinntekter	13	15 474 694	14 841
Brukt skogavgift vedr. drift	8	2 275 154	1 406
Andre driftsinntekter		407 569	567
<b>SUM DRIFTSINNEKTER</b>		<b>18 157 417</b>	<b>16 814</b>
<b>DRIFTSKOSTNADER</b>			
Forbruk av varer og tjenester	13	4 903 596	4 812
Lønnskostnader	2,13	3 552 249	3 299
Ordinære avskrivinger	3,13	448 751	397
Skogavgift	8	1 410 000	1 168
Andre kostnader	2,13	4 603 936	4 009
<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>		<b>14 918 531</b>	<b>13 685</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>	<b>13</b>	<b>3 238 883</b>	<b>3 129</b>
<b>FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
Aksjeutbytte		24 998	11
Renteinntekter ansvarlig lån datterselskap	9	72 168	77
Andre renteinntekter		780 240	779
Andre finanskostnader		-8 176	-6
Gevinst salg aksjer/aksjefond		17 284	0
<b>NETTO FINANSINNEKTER</b>		<b>886 514</b>	<b>861</b>
<b>ORDINÆRT RESULTAT FØR SKATTEKOSTNAD</b>		<b>4 125 397</b>	<b>3 990</b>
Skattekostnad på ordinært resultat	1	236 280	257
<b>ÅRETS RESULTAT</b>		<b>3 889 117</b>	<b>3 733</b>
<b>DISPONERING AV ÅRETS RESULTAT</b>			
<b>Ytinger:</b>			
Bruksrettrabatter	10	781 525	594
Kontantutbytte	10	781 525	594
Kvantumsrabatter	1	667 990	501
Sum ytinger		2 231 039	1 689
<b>Andre disponeringer</b>			
Overført erstatningsfond Øvre Otta	11	67 379	68
Overført utviklingsfond	11	100 439	101
Overført verneområdeerstatning	11	17 346	17
Overført fri egenkapital	14	1 472 914	1 858
<b>SUM</b>		<b>3 889 117</b>	<b>3 733</b>

# BALANSEKONTO PR. 31. DESEMBER 2018

## EIENDELER

	Note	2018	2017
		(hele kr)	(hele 1.000)
<b>ANLEGGSMIDLER</b>			
Innkjøpt grunn		126 999	127
Bygninger	3	4 397 400	4 151
Opparbeidingskostnader hyttefelt L		497 000	497
Opparbeidingskostnader hyttefelt B		3 273 723	3 234
Maskiner, inventar og transportmidler	3	266 500	273
Aksjer, aksjefond og andeler	4,9	12 300 248	10 481
Ansvarlig låneinnskudd datterselskaper	9	3 650 000	3 950
<b>SUM ANLEGGSMIDLER</b>		<b>24 511 870</b>	<b>22 713</b>
<b>OMLØPSMIDLER</b>			
Hytte Billingen Hyttefelt	5	2 363 261	2 315
Kundefordringer	6,9	2 491 388	988
Andre kortsiktige fordringer		283 090	706
Bankinnskudd	7,11	34 242 930	33 602
Bankinnskudd bundne fond	11	10 145 178	10 177
Kasse		5 439	2
<b>SUM OMLØPSMIDLER</b>		<b>49 531 285</b>	<b>47 790</b>
<b>SUM EIENDELER</b>		<b>74 043 155</b>	<b>70 503</b>

# BALANSEKONTO PR. 31. DESEMBER 2018

## EGENKAPITAL OG GJELD

	Note	2018	2017
		(hele kr)	(hele 1.000)
<b>EGENKAPITAL</b>			
<b>Bunden egenkapital</b>			
Andelskapital	12	233 600	234
Erstatningsfond Øvre Otta	11	4 054 218	4 087
Utviklingsfond	11	6 090 960	6 090
Skogavgiftskonto	8	262	0
<b>Sum bunden egenkapital</b>		<b>10 379 040</b>	<b>10 411</b>
<b>Fri egenkapital</b>			
Verneområdeerstatning	11	18 267 393	18 250
Fri egenkapital	14	39 584 487	37 527
Årets resultat	14	1 472 914	1 858
<b>Sum fri egenkapital</b>		<b>59 324 794</b>	<b>57 635</b>
<b>SUM EGENKAPITAL</b>		<b>69 703 834</b>	<b>68 046</b>
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>			
Leverandørgjeld	9	1 117 200	519
Skyldig skattetrekk	7	248 104	217
Skyldig feriepengar inkl. arbeidsgiveravgift		358 740	338
Skyldig arbeidsgiveravgift		56 227	50
Skyldig merverdiavgift		0	0
Påløpt ikke utlignet skatt	1	245 781	250
Avsatt til kontantutbytte	10	781 525	594
Annen kortsiktig gjeld		1 531 745	490
<b>SUM GJELD</b>		<b>4 339 320</b>	<b>2 458</b>
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>74 043 155</b>	<b>70 503</b>

Bismo, den 31. desember 2018

27. mars 2019

I styret for Skjåk Almanning

Kjell Egil Ramstad

Styreleder

*Kjell Egil Ramstad*

Tordis Brandsar

*Tordis Brandsar*

Kjell Aaboen

*Kjell Aaboen*

Mona Haugen Grimstad

Nestleder

*Mona Haugen Grimstad*

Arnstein Fjerdingsren

*Arnstein Fjerdingsren*

Vidar Vange

*Vidar Vange*

Rune Plassen

*Rune Plassen*

Astrid Bjørnstad

Økonomileder

*Astrid Bjørnstad*

Jo Trygve Lyngved

Almenningsbestyrer

*Jo Trygve Lyngved*



## NOTER TIL REGNSKAPET FOR 2018

### Note 1: Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med god regnskapsskikk for små foretak. Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres etter hvert som de leveres.

Varige driftsmidler med levetid over 3 år og kostpris som overstiger kr 15.000,- avskrives lineært over forventet økonomisk levetid. Direkte vedlikehold av driftsmidler kostnadsføres løpende under andre driftskostnader. Gevinst eller tap ved avgang av driftsmidler føres under henholdsvis driftsinntekter og driftskostnader. Varer er vurdert til det laveste av gjennomsnittlig anskaffelseskost og virkelig verdi. Kundefordringer og andre fordringer er oppført til pålydende etter fradrag for avsetning til forventede tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene.

Almenningen har beregnet skogavgift på avvirkningen etter gjeldende regler.

Det vises til egen note vedr. skogavgift.

Almenningens skattekostnad består av betalbar inntekts- og formuesskatt. Almenningen er skattepliktig for deler av sin inntekt og formue.

Almenningen har ikke forskjeller mellom skattemessige og regnskapsmessige verdier som medfører utsatt skatt. I den grad almenningen har nedskrevet finansielle midler regnskapsmessig, er den skattefordelen som måtte ligge i dette, ikke aktivert.

### Note 2: Ansatte, godtgjørelser mv.

<u>Lønnskostnader</u>	<u>2018</u>	<u>2017</u>
Lønninger	3.093.014	2.849.710
Arbeidsgiveravgift	210.248	201.138
Pensjonskostnader	89.657	99.222
Andre ytelser	159 330	149.073
<u>Sum lønnskostnad</u>	<u>3.552.249</u>	<u>3.299.143</u>

Almenningen har i 2018 sysselsatt 6 årsverk.

<u>Godtgjørelser</u>	<u>Almenningsbestyrer</u>	<u>Styret</u>
Lønn	674.646	192.400
Andre ytelser	12.223	

### Revisjon- og kontrollutvalget/valgkomite

Kostnadsført honorar revisjons- og kontrollutv. utgjør kr. 14.700 i 2018.

Kostnadsført honorar valgkomite utgjør kr.12.800 i 2018.

Selskapet er pliktig til å ha tjenestepensjon etter lov om obligatorisk tjenestepensjon.

Foretaket har pensjonsordning som oppfyller kravene etter denne loven.

### Revisor

Kostnadsført honorar for lovpålagt revisjon i 2018 utgjør kr 63.105 ekskl. merverdiavgift.

Honorar for annen bistand utgjør kr 20 700 ekskl. merverdiavgift.

## NOTER TIL REGNSKAPET FOR 2018

Note 3: Varige driftsmidler

